

Gjennomføringsgrad av tiltak i ulike planar

Nedanfor følger ein oppsummering av gjennomføringsgraden av tiltak frå fleire av planane omtalt i planstrategien for 2011-2015. Alle planane er lista opp i vedlegg 2 til ny planstrategi. Dette arbeidet med å syne gjennomføringsgraden er gjort for å skaffe ein oversikt over kor mange av tiltaka i dei ulike planane som faktisk vert gjennomført. På bakgrunn av det kan vi vidare vurdere behovet for revisjonar eller utarbeiding av nye planar. I dei ulike kommunale planane er det stor ulikheit i kor målbare tiltaka er. Planar utan målbare tiltak er ikkje med i oversikta. Oppsummeringa her er eit forsøk på å kvantifisere tiltaka for å syne gjennomføringsgraden. Gjennomførte tiltak er markert grønne og tiltak som ikkje er gjennomført er raude. Ein del tiltak er verken gjennomført eller ikkje gjennomført, men i ein mellomfase, til dømes påbegynte tiltak, tiltak som avventar søknadar, tiltak i tidleg planfase og kontinuerlege tiltak. Desse er markert gult i kvar figur for gjennomføringsgrad.


SYKKELPLAN 2013-2023



Sykkelplanen har ein 10-på topp liste og ein marginalliste. Av tiltaka på 10-på topp lista er 3 tiltak gjennomført, 4 tiltak føreslege teke inn i Sogndalspakka, 1 tiltak inn i Campusplanen og 2 på vent.

≈ 30 % gjennomført, 50 % i planleggingsfasen og 20 % er ikkje utført:

HOVUDPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING



Hovudplan for trafikktrygging har 21 tiltak. Av desse er 6 tiltak gjennomført, 1 delvis gjennomført, det er sett av midlar til 5 tiltak, 6 tiltak har fått avslag, 3 tiltak ventar svar på søknad.

≈ 30 % gjennomført, 30 % delvis gjennomført og 40 % ikkje gjennomført.

HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNING 2009-2018



Hovudplan for vassforsyning har 25 tiltak. Av desse er 11 tiltak gjennomført, 3 tiltak kontinuerlege, 1 er ikkje aktuelt, 1 er utsett til neste revisjon og 9 er ikkje utført.

≈ 55 % gjennomført (inkludert kontinuerlege tiltak), 10 % utsett og 35 % ikkje gjennomført.

HOVUDPLAN FOR AVLØP 2009-2018



Hovudplan for avløp har 16 tiltak. Av desse er 11 tiltak gjennomført og 5 er ikkje utført.

≈ 70 % gjennomført og 30 % ikkje gjennomført.

LANDBRUKSPLAN 2009-2013



Landbruksplanen har 8 tiltak. Av desse er 3 tiltak gjennomført og 5 er ikkje utført fordi det ikkje er sett av midlar i økonomiplan.

≈ 40 % gjennomført og 60 % ikkje gjennomført.

PLAN FOR HJORTEVILTFORVALTNINGA 2011-2015



Plan for hjorteviltforvaltninga har 14 tiltak. Av desse er 12 tiltak gjennomført, 1 er planlagt våren 2016 og 1 er ikkje utført.

≈ 80 % gjennomført, 10 % planlagt og 10 % ikkje gjennomført.

OVERORDNA HELSE- OG OMSORGSPLAN 2014-2022

I overordna helse- og omsorgsplan er det i handlingsdelen for 2015-2018 sett opp 16 tiltak. Fleire av tiltaka er kontinuerlege og ikkje alle er fullført, men dei er godt i gang. Av dei totalt 16 tiltaka er 13 tiltak gjennomført (godt i gang), 2 delvis og 1 tiltak ikkje gjennomført. ≈ 80 % gjennomført, 15 % delvis gjennomført og 5 % er ikkje gjennomført.

PLAN FOR RETTLEIING AV NYUTDANNA PEDAGOGER I SKULE OG BARNEHAGE

Denne planen har 2 tiltak som begge er utført.
≈ 100 % gjennomført.

KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV, FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE

Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse har i handlingsprogrammet under økonomisk oversyn sett opp 6 tiltak der Sogndal kommune er prosjekteigar. Av desse er alle tiltaka gjennomført.
≈ 75 % gjennomført, 5 % i gangsett og 20 % ikkje gjennomført.

BUSTADSOSIALT VELFERDSPROGRAM 2014-2019

Det bustadsosiale velferdsprogrammet har mange tiltak. Programplanen vart vedteke i 2015, og sidan vi er i starten av planfasen er det ikkje naudsynt å sjå kor vidt tiltaka er gjennomført eller ikkje på noverande tidspunkt.

KLIMA OG ENERGIPLAN 2010-2015

Klima og energiplanen har 35 tiltak. Veldig mange av desse er kontinuerlige tiltak. Ein del av desse har fungert etter planen, og er vert ivareteke gjennom faste rutinar, medan andre i større grad vert «gløymd vekk». 27 tiltak er gjennomført, 5 er delvis gjennomført og 3 tiltak er ikkje gjennomført.
≈ 80 % gjennomført, 15 % delvis gjennomført og 5 % ikkje gjennomført.

PLAN FOR OPPFØLGING OG UTBYGGING AV GANGVEGAR/STIAR OG GRØNTKORRIDORAR I SOGNDAL SENTRUM

Denne planen har lista opp 24 tiltak (ikkje inkludert 7 tiltak i marginalliste). Av desse er 18 tiltak gjennomført, 1 er delvis gjennomført og 5 er ikkje gjennomført.
≈ 75 % gjennomført, 5 % delvis gjennomført og 20 % ikkje gjennomført.